



JOSTEDALEN BREFØRARLAG AS  
www.bfl.no



# Uranostind -2157m.

## Turinfo:

Turen går opp Uranosbreen og vidare opp på ryggen mellom Uranostind og Slingsbytind. Ein går deretter langs den breie nordryggen opp på Uranostind til ein kjem til den smale toppeggen. Her kan ein velje å ikkje gå lenger eller å bli med dei siste metrane ut på toppvarden som ligg i same høgde.

Retur same vegen ned langs ryggen. Ein kan og ta ein kort avstikkar opp på Slingsbytind, om ein ynskjer det.

Deretter ned Uranosbreen og tilbake til utg. pkt. ved bilvegen i Koldedalen langs same ruta som ein gjekk opp.

## Anbefalt overnattings sted:

Fondsbu Turisthytte. Mer info: <https://fondsbu.dnt.no/>

## Frammøte:

De vil møte føraren kvelden før, ca. kl. 21:00 i resepsjonen på Fondsbu for orientering om turen og utdeling/tilpassing av breutstyret.

## Utstyr:

De treng sjølve å ta med fjellsko/fjellstøvlar, varme og vindtette klede, lue og vottar samt mat og drikke (termos) for ein lang dag ute på tur i høgfjellet. Det er ingen krav om tidlegare breerfaring for å kunne delta på denne turen.

## Start:

Avreise frå Fondsbu turdagen er ca. 08:30, rett etter frukost. Ein køyrer med privatbilar til bommen inne i Koldedalen, der stien og fotturen byrjar.

## Vel møtt til ein spennande topptur i Jotunheimen!

Er det spørsmål, ta kontakt på e-post: [post@bfl.no](mailto:post@bfl.no)